

Årsmelding 2025

På årsmøtet i Batnfjorden 24.03.25 vart desse valgt:

Leiar: Jan Kjetil Kolberg. Valgt for 2 år.

Nestleiar: Arnfinn Rønning. Valgt for 2 år.

Kasserar: Dagfinn Malmedal. Ikkje på val.

Sekretær: Torgny Håseth. Ikkje på val.

Styremedlem: Gunnar Malmedal. Ikkje på val.

Varamedlemmer: Per Kvenset og Rolf Even Ahdell. Attval.

Valkomite: Odd Arne Sandhaug og Jo Inge Hammervoll. Attval.

Revisor: Aud Solveig P. Malmedal. Valgt for 2 år.

Som vanleg har det, tradisjonen tru vore beskjeden organisert aktivitet i lokallaget.

På RHF sitt landsmøte og treff i Haugesund 29.-31. mai deltok vår avdeling med ein buss, men med mange deltakarar. Denne bussen var: SP66472, Volvo B10 M, Arna, Gunnar Malmedal.

Torgny Håseth hadde med seg T-6104 Scania L75 på NRKK sitt hovudtreff i Eikesdal 15.-17. august.

Arnfinn Rønning og Per Kvenseth har i haust/vinter bytta treverk i dørken på Z-5502, og laga nye lemmer. Fint arbeid der, mangler berre måling før vi kan kjøre på treff.

Jan Kjetil har hugd opp ein Scania L56 som han skal ha deler til ein Scaniabuss av, og i samband med det har det blitt demontert ein del deler som vi får for å ha på T-6104. Blant anna er det div utstyr til vindusviskarar, varmeapparat og div brytarar. Vi takker for det, no står det berre att å finne arbeidslyst for å montere.

Som fjor er vi 100% eigar av T-6104 og Z-5502, og 40%eigar av T-3818.

Medlemsmassen er på ca 45 medlemmer.

Moen 15.03.26

Torgny Idar Håseth